

# Rettleiar for handtering av saker som gjeld seksuell trakassering og overgrep

Sist oppdatert 4. desember 2017

## Nulltoleranse for seksuell trakassering og overgrep

Seksuell trakassering og overgrep skal ikkje skje i idretten, og er direkte i strid med idrettens visjon om *idretts glede for alle*. Likevel veit vi at seksuell trakassering og overgrep skjer i idrettssamanheng, ofte utan at det blir rapportert, handsama og reagert på.

Norsk idrett har *nulltoleranse for ei kvar form for diskriminering og trakassering*<sup>1</sup>. Dette betyr at det alltid skal reagerast på slike handlingar. Denne rettleiaren skal gjere det lettare å rapportere, handtere og reagere på seksuell trakassering og overgrep.

Norsk idrett har eigne retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep:

[www.idrettsforbundet.no/tema/retningslinjer/seksuell-trakassering-og-overgrep/](http://www.idrettsforbundet.no/tema/retningslinjer/seksuell-trakassering-og-overgrep/) Alle har ansvar for å gripe inn og varsle ved brot på retningslinjene. Styret i kvart idrettslag har ansvar for at retningslinjene er kjende og vert følgde.

Seksuelle overgrep er brot på Straffelova<sup>2</sup>, og skal meldast til og etterforskast av politiet.

## Har du opplevd seksuell trakassering og/eller overgrep i idretten?

- Snakk om det med nokon du stolar på.
  - Når du fortel om trakasseringa/overgrepet kan du få slutt på det. Det er også viktig at du seier i frå slik at denne personen ikkje får høve til å gjere det same med andre.
- Kontakt politi og/eller overgrepsmottak om du har blitt utsett for overgrep.
  - Politiet: tlf 02800 / [www.politi.no](http://www.politi.no) (Du kan be om å få snakke med nokon som arbeider med seksuelle overgrep).
  - Overgrepsmottak: [www.overgrepsmottak.net](http://www.overgrepsmottak.net) / [www.dinutvei.no](http://www.dinutvei.no)
  - Du kan be nokon du stolar på om å bli med deg til politiet/overgrepsmottaket.
- Om du ikkje ønskjer eller tør å snakke med politiet/overgrepsmottaket er det andre som kan gje deg råd, til dømes:
  - Helsesøster
  - Fastlege
  - Alarmtelefonen for barn og unge (tlf. 116 111)<sup>3</sup>
  - Landsdekkande telefon for incest- og seksuelt misbrukte (tlf. 800 57 000)<sup>4</sup>
- Ved seksuelle overgrep har du rett til gratis møte med advokat før du avgjer om du vil melde til politiet. Les meir her: <https://dinutvei.no/utsatt/251-rett-til-bistandsadvokat>
  - Her kan du finne ein bistandsadvokat nær deg:  
<https://www.domstol.no/globalassets/upload/da/internett/domstol.no/straffesak/faste-bistandsadvokater.pdf>

<sup>1</sup> Idrettspolitisk dokument 2015-2019, side 11 <https://www.idrettsforbundet.no/om-nif/idrettspolitisk-dokument-2015-2019/>

<sup>2</sup> Straffelova, kapittel 26: Seksuallovbrudd [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL\\_2-11#KAPITTEL\\_2-11](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-11#KAPITTEL_2-11)

<sup>3</sup> [www.116111.no](http://www.116111.no)

<sup>4</sup> [www.incest80057000.no](http://www.incest80057000.no)

- Sei i frå til idrettslaget ditt, kontakt styreleiar eller dagleg leiar.
- Viss du ikkje tør eller vil ta kontakt med idrettslaget, kan du kontakte ansvarleg rådgjevar i NIF: Håvard B. Øvregård, tlf: 91 77 31 57, e-post: [havard.ovregard@idrettsforbundet.no](mailto:havard.ovregard@idrettsforbundet.no)

#### **Har du høyrte om seksuell trakassering og/eller overgrep i idretten?**

- Hjelp den som har opplevd trakassering/overgrep.
- Kontakt politiet dersom du veit eller er usikker på om det gjeld eit lovbrøt.
- Sei i frå til leiinga i idrettslaget
- Alle har etter lova plikt til å melde frå til politiet dersom dette vil hindre nye overgrep<sup>5</sup>.
- Viss du ikkje tør/vil ta kontakt med idrettslaget, kan du kontakte ansvarleg rådgjevar i NIF: Håvard B. Øvregård, tlf: 91 77 31 57, e-post: [havard.ovregard@idrettsforbundet.no](mailto:havard.ovregard@idrettsforbundet.no)

#### **Har du ansvar i eit idrettslag, og har fått informasjon om seksuell trakassering og/eller overgrep?**

- Hjelp den som har opplevd trakassering/overgrep.
- Kontakt politiet dersom du veit eller er usikker på om det gjeld eit lovbrøt.
- Kontakt idrettskrinsen i fylket for hjelp til handteringa i idrettslaget.
- Syt for at saka vert handtert i idrettslaget, sjå råd under.

#### **Kva er seksuell trakassering og seksuelle overgrep?**

- Seksuell trakassering er seksuell merksemd som er uønskt og plagsam for den det rammar.
  - Det er opplevinga hjå den som vert utsett for handlinga, og ikkje intensjonen til den som utfører handlinga, som avgjer om det er seksuell trakassering.
- Seksuelle overgrep er seksuelle handlingar utført mot nokon som ikkje gjev eller er i stand til å gje samtykke.
- Døme på straffbare handlingar er
  - Valdtekt
  - Berøring av kjønnsorgan og bryst
  - Å ta, lagre eller formidle seksualisert bilete
- Seksualisert handling overfor barn under 16 år er i utgangspunktet alltid straffbart.

#### **Kva skal idrettslaget gjere når det vert varsla om seksuell trakassering eller overgrep?**

- Idrettslaget skal ta alle meldingar alvorleg.
- Meldingar om seksuell trakassering og overgrep skal handterast av leiinga (dagleg leiar / styreleiar) i hovudlaget.
- Ein trenar eller tillitsvald i idrettslaget som vert kontakta av nokon om ei slik sak skal straks ta dette vidare til dagleg leiar eller styreleiar.
- Om det gjeld overgrep mot myndig person skal ein sterkt oppmode personen om å sjølv melde saka til politiet, og gjerne tilby å bli med personen til politiet.
- Om det gjeld overgrep mot ein mindreårig skal ein informere føresette, og i samråd med desse melde saka til politiet

---

<sup>5</sup> Straffelova §196 [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL\\_2-5#KAPITTEL\\_2-5](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-5#KAPITTEL_2-5)  
Les meir om denne plikta (avvergingsplikt) her: <https://snl.no/avvergingsplikt>

- Dersom ein mistenkjer at den/dei føresette sjølv har utført seksuelle overgrep mot den mindreårige bør ein ta kontakt direkte til politiet, eller kontakte barnevernet i kommunen.
- Det er avgjerande at slike saker vert handsama snarast råd.
  - I saker som kan vere lovbrøt skal ein kontakte politi med det same (same dag) på telefon 112 (akutt) eller 02800.
    - Om ein er i tvil om kva ein skal gjere, skal ein kontakte politiet, legge fram saka og spørje dei om råd.
    - Idrettslaget skal avklare si oppfølging av slike saker med politiet, for å ikkje øydelegge for politiets etterforsking.
  - I andre saker skal leiinga handtere saka snarast råd, og seinast innan ei veke.
    - Til dømes ved å utnemne saksansvarlege i styret og avtale møte med dei involverte.
- Idrettslaget skal aldri hindre eller råde nokon frå å kontakte politiet.
- Kontakt idrettskrinsen i fylket for hjelp til handteringa i idrettslaget.
  - Kontaktinformasjon til idrettskrinsane: [www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/](http://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/)

### Saksgang i idrettslaget

- Det er hovudstyret i idrettslaget som handsamar og gjer vedtak i saka.
  - Som i andre saker skal styrets medlemar vurdere sin habilitet<sup>6</sup>, og dette bør kome fram av relevante protokollar.
- Alle saker skal følgjast opp, uavhengig av om saka vert handsama av politiet
  - Dette gjeld både om nokon vert dømd i saka, eller om saka endar med frikjenning eller at saka blir lagt bort («henlagt»).
- Styret bør peike ut to personar i styret, helst ein av kvart kjønn, som er saksansvarlege.
- Medan saka er under handsaming av politi eller rettssystemet, skal idrettslaget;
  - vurdere om saka skal meldast inn til NIFs domsutval for suspensjon av involverte<sup>7</sup>.
  - be person(ar) som er skulda for å ha utført seksuell trakassering eller overgrep om å ha ei tilbaketrekt rolle til saka er handsama.
  - vurdere å hente inn ny(e) politiattest(ar).
- Saker som ikkje er politisaker, eller som er ferdig handsama av politi/rettssystemet, skal følgjast opp av hovudstyret ved dei saksansvarlege.
- Dei saksansvarlege bør halde separate møte med dei involverte, og vurdere om ein skal hente inn anna informasjon. På bakgrunn av dette lagar dei eit saksframlegg til styret.
- Idrettslaget er oppmoda om å kontakte idrettskrinsen for hjelp i slike saker.
  - Kontaktinformasjon til idrettskrinsane: [www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/](http://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/)

### Idrettslaget skal føre logg for kvar sak

- Leiinga i idrettslaget skal alltid opprette ein sakslogg når ein tek i mot meldingar som gjeld seksuell trakassering eller overgrep. Her loggfører ein dei ulike hendingane i saka, med dato, tidspunkt og kva hendinga gjeld.
- Loggen kan vere i denne forma:

<sup>6</sup> Lekkje til vegleiar om habilitet / punkt

<sup>7</sup> Lekkje til domsutvalet på idrettsforbundet.no

- [Dato] [Tidspunkt] X mottok telefon/e-post om saka frå person Y
- [Dato] [Tidspunkt] X snakka med dagleg leiar om saka
- [Dato] [Tidspunkt] Dagleg leiar snakka med person Y
- [Dato] [Tidspunkt] Dagleg leiar informerte styreleiar
- Unngå å skrive personopplysningar i loggen.
- Målet med loggen er å enkelt kunne gjere greie for sakshandsaminga i idrettslaget. Dette bidreg til ei ryddig sakshandsaming internt, men er også viktig dersom saka skulle vere alvorleg og seinare bli følgt opp av til dømes politi eller media.
- Logg og all saksinformasjon skal handsamast konfidensielt og av så få personar som mogeleg.

### Handtering av informasjon

- Styret skal sikre at informasjon om saka ikkje blir formidla til andre enn dei som treng det for å handsame saka.
- I saker som kan gjelde lovbrøt skal idrettslaget spørje politiet om råd før ein informerer andre i gruppa/idrettslaget, til dømes foreldre/føresette.
- Ryktespreiing og snakk gjer politiets etterforskning / idrettslaget si handsaming vanskelegare, og er ei ekstra belastning for dei menneske saka gjeld.

### Ta vare på dei involverte

- Leiinga i idrettslaget skal ta vare på dei involverte, og legge til rette for at handteringa av saka ikkje fører til unødig påkjenning for desse.
- Idrettslaget har eit særleg ansvar for å ta vare på den/dei som kan ha opplevd trakassering eller overgrep, og legge til rette for at den/dei skal kunne halde fram i idrettslaget.

### Reaksjonar

- Seksuell trakassering, overgrep, og brot på NIFs retningsliner mot seksuell trakassering kan sanksjonerast etter NIFs straffeføresegner («straffebestemmelser»).
  - Dette inneber at eit idrettslag, eller eit anna organisasjonsledd i NIF, kan påtale forholdet til NIFs domsutval.
  - Domsutvalet kan suspendere vedkomande i vente av endeleg avgjerd, og kan etter denne gje ein reaksjon som mellom anna kan omfatte utestenging frå all deltaking i norsk idrett.
  - Når det vert vurdert å påtale eit forhold til NIFs domsutval, bør ein kontakte idrettskrinsen for nærare rettleiing.
- Om idrettslaget vil gje andre reaksjonar, bør ein kontakte idrettskrinsen for råd.

### Kontakt

- For meir informasjon, kontakt idrettskrinsen eller NIF sentralt
  - Kontaktinformasjon til idrettskrinsane: [www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/](http://www.idrettsforbundet.no/idrettskretser/)
  - Ansvarleg rådgjevar i NIF: Håvard B. Øvregård, tlf: 91 77 31 57, e-post: [havard.ovregard@idrettsforbundet.no](mailto:havard.ovregard@idrettsforbundet.no)